



Den fyrste sauen på Døsmland har lembe. Det vart trillingar.

Saelembinga er i full gang. I fjor valde Uskedalen.no å skriva om Kjærland gard med moderne sauedrift. I år tok vi turen til Berit Harriet og Ivar Kåre Døsmland som driv meir på gamlemåten med sau, geit, ammekyr og ein jaktande katt etter rotte og mus. Med gode kunnskapar frå Snåsamannen la Ivar Kåre opp til sein lembing i år, eit godt val då våren let venta på seg.

Nokre sauer har alt lembe. Innan to veker kjem resten av flokken på over 40 sauer. Det vert ei travel tid med mykje tilsyn og hjelp. Våren er sein i år så det høver godt med sein lembing. Etter beiting på heimebøen vert dei sleppte til fjells kring 20. juni. Ivar Kåre har sauene sine på beite på Låganos og Fagerskard. Ofte beitar dei høgt oppe i Ulvanoso. Nokre tek seg heilt over til Dyrrindo mot Holmedal.

Ivar Kåre Døsmland fortel at han har fire verar. Han kjøper ver og har nokre år. Sauerasen er Norsk kvit sau (NKS). Snittet er 2, 3 lam pr. sau. Han prøver å maka det til slik at kvar sau har to lam. Om lag 20 overskotslam vert fora på pulvermjølk og kraftfor. Dei vert slakta alt til hausten.

Ivar Kåre har eit godt samarbeid med Magne Heien med tilsyn og sanking i fjellet. Mange turgåarar i Ulvanoso er flinke og melder frå om kor sauene går i fjellet. Ivar Kåre vaks opp og har budd på bruket i alle år. Han er vane med sau. Foreldra hans, Lilly og Knut Døsmland, dreiv med Ryggjasau og Spelsau i tillegg til kyr og gris.



50 geiter kjea alt i januar/februar og beitar ute på heimebøen.

Berit Harriet og Ivar Kåre er størst på geit i Uskedalen. 50 geiter har alt kjea. Det var i januar/februar. Ammekyr ute og inne fortel at på Døssland er det ei variert gardsdrift. Han sel til liv over heile Vestlandet. Drektige kviger vert selde 8 månader gamle.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Nær på 50 sauer hos Berit Harriet og Ivar Kåre Døsland er klar for lembing.